



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Årsrapport 2020



Nasjonalparkstyret og Portalskiltet ved Tusshorn 21.09.20. Foto: Kari Anette Austvik

Forord

Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen og Brettingsmoen naturreservat, vart oppretta i 2006. I 2020 fekk Nasjonalparkstyret overført forvaltningsmyndighet for 4 ytterlegare naturreservat; Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie.

Nasjonalparkstyret for perioden 2019-2023 vart oppnemnd av miljødirektoratet i brev av 03.03.20. Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som utgjer sekretariatet for nasjonalparkstyret, og som står for den daglege drifta av verneområdet. Forvaltarane er tilsett av Statsforvaltaren i Innlandet. Mari Melbø Rødstøl vart tilsett som forvaltar våren 2020, da stillinga, lokalisert med kontor på Norsk Tindesenter i Åndalsnes, ble ledig i 2020.

Årsmeldinga gir ei framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid i 2020, saksmengda, aktuelle tiltak og prosjekt, om bruken av områda, og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.



f.h Mari Melbø Rødstøl og Kristine Sørli

Lom, 11.01.2021

Kristine Sørli
Nasjonalparkforvaltar Reinheimen

Foto: Dersom det ikkje står fotograf, er biletet i rapporten teke av forvaltar.

Innhald

| | |
|---|----|
| Forord | 2 |
| 1. Verneområda – status | 4 |
| 2. Aktørar i verneområda | 4 |
| Nasjonalparkstyret | 4 |
| Nasjonalparkforvaltarar | 5 |
| Naturoppsynet..... | 6 |
| Andre sentrale myndigheter | 6 |
| Brukarar..... | 7 |
| Sentrale dokument..... | 7 |
| 3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2020 | 8 |
| Spesielle saker | 9 |
| Økonomi | 11 |
| 4. Aktivitet | 13 |
| Informasjon | 13 |
| Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen..... | 13 |
| Besøksstrategi | 14 |
| 5. Vidare arbeid | 15 |
| Revisjon av forvaltningsplanen: | 15 |
| Kartleggingsarbeid:..... | 15 |
| Villreinløypa..... | 15 |
| Innhaldsproduksjon – besøksstrategi Reinheimen og Breheimen..... | 16 |

1. Verneområda – status

Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernombordet Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, og Brettingsmoen naturreservat vart oppretta i statsråd 24.11.2006. Verneforskriftene set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Reinheimen vart godkjend i 2010, og utarbeidd i to fasar med brei prosess i alle dei 6 kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal. Forvaltningsplan trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og presiserer og utdjupar verneforskriftene. Forvaltningsplan tek og omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Miljødirektoratet har frå 01.03.2020 delegert forvaltningsmyndighet til Nasjonalparkstyret for 4 naturreservat:

Forskrift 27. juni 2003 nr. 827 om vern av Muldalslia naturreservat i Fjord kommune

Forskrift 27. juni 2003 nr. 834 om vern av Slettsvaet naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 17. desember 1999 nr. 1443 om vern av Vermedalen naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 25. januar 2013 nr. 104 om vern av Einstullie naturreservat i Skjåk kommune

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

2. Aktørar i verneområda

Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernombordet vart overført frå kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal, til nasjonalparkstyret for Reinheimen, hausten 2012. Miljøverndepartementet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre 08.01.13. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda, og ein representant frå Reinheimen-Breheimen Villreinutval. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Miljødirektoratet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre for 2020-2023 i brev 03.03.2020.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg i styremøte 18.mars 2020.

Styret for perioden 2020 -2023:

| Rolle | Ordinært medlem | Varamedlem | Representantar |
|--------------------|--------------------|-----------------------|------------------------------------|
| leiar | Per Magnus Berdal | Laila Olsen | Fjord kommune |
| nestleiar | Bjarne Eiolf Holø | Marit Sletten | Lom kommune |
| styremedlem | Edel Kveen | Morten Kielland | Skjåk kommune |
| styremedlem | Live Langøygard | Harald Svee Bjørndal | Vågå kommune |
| styremedlem | Mariann Skotte | Stian Lotten | Lesja kommune |
| styremedlem | Magnhild Vik | Torbjørn Bruaset | Rauma kommune |
| styremedlem | Inger Line Flydal | Jo Trygve Lyngved | Reinheimen-Breheimen villreinutval |
| styremedlem | Torbjørn Rødstøl | Inger Johanne Tafjord | Fylkestinget i Møre og Romsdal |
| styremedlem | Hans Kristian Enge | Hanne Velure | Fylkestinget i Innlandet |

Arbeidsutvalet (AU-Reinheimen) er oppretta med følgjande medlemmar:

| Rolle | Ordinært medlem |
|-------------------|--|
| <i>leiar</i> | Per Magnus Berdal |
| <i>nestleiar</i> | Bjarne Eiolf Holø |
| <i>medlem</i> | Mariann Skotte |
| <i>varamedlem</i> | 1.vara Magnhild Vik 2.vara Edel Kveen |

Arkiv- og økonomifunksjon til nasjonalparkstyret for Reinheimen ligg hos Statsforvalteren i Innlandet, med følgjande postadresse:

*Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Postboks 987
2626 Lillehammer
e-post: sfinpost@statsforvalteren.no*

Nasjonalparkforvaltarar

To nasjonalparkforvaltarar utgjer sekretariatet til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Nasjonalparkforvaltarane skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følgje forvaltningslova sine regler. Forvaltarane legg fram saker til behandling i styret, driv skjøtsel- og informasjonsarbeid, økonomioppfølging og held kontakt med brukarar av verneområda.

I vedtekten til Nasjonalparkstyret, kap. 6., står det følgjande om Nasjonalparkstyret sitt sekretariat:
*«Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av ein eller fleire nasjonalparkforvaltar(ar)
som vert tilsett av fylkesmannen i Innlandet og i dialog med styret. Fylkesmannen har
personalansvaret for nasjonalparkforvaltaren(ane)»*

Kristine Sørlie har vore tilsett som nasjonalparkforvaltar sidan 2014, med kontor på Norsk fjellsenter i Lom. Mari Melbø Rødstøl vart tilsett som ny forvaltar våren 2020, lokalisert på Norsk Tindesenter i Åndalsnes. Samtidig med nytilsettinga vart stillingsheimelen overført frå Møre og Romsdal til Innlandet, for ei prøveperiode på 2 år. Sjølv om nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Statsforvaltaren i Innlandet, er sekretariatet underlagt nasjonalparkstyret i forvaltninga av verneområda. Statsforvaltaren har det administrative ansvaret for nasjonalparkparkforvaltarane, men ingen instruksjonsrett når det gjeld sekretariatet sitt arbeidet for nasjonalparkstyret. I samråd med nasjonalparkstyret, kan statsforvaltaren nytte nasjonalparkforvaltaren til andre arbeidsoppgåver om behov.

I utgangspunktet blir enkeltsaker i Reinheimen fordelt geografisk fylkesvis mellom forvaltarane. Når det gjeld planlegging og praktisk gjennomføring av styremøte samarbeider forvaltarane og fordelar oppgåva seg imellom. Forvaltaren som har vore lengst i embetet, har hatt eit større ansvar for økonomiske og administrative oppgåver knytt til drift av styret og tiltaksmidla. Oppfølging av tiltak/prosjekt i verneområdet vil variere kvart år utifrå styret si prioritering og tildeling frå miljødirektoratet. Oppfølging av større prosjekt som krev kontakt og dialog med lokale aktørar, vert

fordelt geografisk. Det er samtidig ein føresetnad at forvaltarane har ein god kommunikasjon for å involvere kvarandre, og eventuell supplere og avlaste om behov.

Naturoppsynt

Statens naturopsyn (SNO) er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. SNO skal ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheter. I tillegg skal naturoppsynt informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar.

SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl er tilsett i SNO med Reinheimen som hovudområde. Per Olav Haugen har kontor i Bismo i Skjåk, og Thomas Rødstøl har kontor på Åndalsnes i Rauma.

I tillegg kjøper SNO i Reinheimen tenester av fjellstyrrene og andre etter behov. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. For Reinheimen blir det kjøpt tenester av fjellstyrta i Lesja, Finndalen og frå Skjåk Almenning, som er privat bygdeallmenning. SNO i Reinheimen bruker også ein stor del av si arbeidstid på registrering av jerv, villreinteljing og jaktoppsyn under villreinjakta og på prioritert arbeid i andre områder.

Nasjonalparkforvaltarane og SNO har årlege møte i samband med bestillingsdialogen og bestilling av tenester frå SNO. Det er viktig med eit godt samarbeid med SNO, for å halde kvarandre godt oppdatert om .

Andre sentrale myndigheter

Det er også andre myndigheter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Fjord har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg ein representant i styret. God dialog med villreininteressane er særleg viktig for og ivareta villrein sitt leveområde. Kommunane har myndighet etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I enkelte saker må søkerane avklare søknad om løyve til kjøring både etter reglane i verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova). Administrativt kontaktutval, oppretta i 2013, held fram i Reinheimen. Utvalet er samansett med ein administrativt tilsett frå kvar kommune og fylkeskommune, og ein frå besøkssenter nasjonalpark. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret, kommunane og fylkeskommunane.

Fylkesmennene hadde forvalningsmyndighet for verneområda fram til opprettning av kommunal forvaltning/KUR i 2007 og nasjonalparkstyret i 2013. Miljøvernavdelingane hjå fylkesmannen i Innlandet og Møre og Romsdal har lang erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek jamleg på avdelingsmøter og fagsamlingar hjå statsforvaltaren. Forvaltarane er og organisert i eiga forvaltarteam under Naturmangfald og verneområder hjå statsforvaltaren i Innlandet. Det er 12 forvaltarar i Innlandet, i tillegg deltar 5 eksterne forvaltarar som er tilsett i Vestland og Trøndelag.

Statsforvalteren har og klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret og i administrativt kontaktutval. I tillegg har fylkeskommunen myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel, restaurering og bygningsfagleg kompetanse.

Bruk

Reinheimen er villmark og brukspark, med interesser knytt til tradisjonell lokal og regional bruk som jakt, fiske, beitebruk, seterdrift og landbruksnæring. Dette fører til behandling av ein relativt stor mengde enkeltsaker, særleg søknader om motorisert ferdsel og byggesakar.

Det er god forståing og liten konflikt mellom verneinteresser og landbruk innan verneområdet. For å ivareta verneverdiane er det viktig at vernemyndigheita har eit godt samarbeid med dei ulike bruukeinteressene og private aktørar i området.

Reiselivet i Reinheimen er beskjeden, men kjende attraksjonar som Trollveggen og Trollstigen står likevel i ei særstilling, der besøkstalet i 2020 er over 1 mill.

I Reinheimen vart det gjennomført besøksundersøkingar i 2011. Desse undersøkingane påvisar både staus og utfordringar for nasjonalparkforvaltninga. Besøksundersøkinga viser at Reinheimen er et to-delt område i forhold til bruk. Størst besøk i nordvest (typisk turistar og utlendingar), mindre i sør aust (lokal og regionalt besøk).

- Reinheimen er lite kjent som reisemål, mykje tilfeldig bruk i samband med rundreise
- Mest lokalt, regionalt besøk (Austlandet og Nordiske land manglar?)
- 33% utlendingar
- Besøk frå Austlandet og Nordiske land manglar - uutnytta potensiale i marknaden!
- Behov for å gjera nasjonalparkstatusen kjent! Informasjonsarbeid!
- DNT (Ålesund-Sunnmøre) er den viktigaste kjelda til informasjon for dei besøkande, jf. undersøkinga

I samband med arbeidet med besøksstrategien vart det gjennomført kartlegging av reiselivsbedrifter knytt til verneområda, og i kommunane kring verneområda (randsona).

Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområder og Brettingsmoen naturreservat, vart sett i kraft 24.11.2006.

Frå 01.03.2020 fekk nasjonalparkstyret utvida forvaltningsmyndigkeit med naturreservata, Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie.

Forvaltningsplan for Reinheimen vart vedteken i mars 2010, og skal reviderast etter 10 år.

3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2020

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. Det er i utgangspunktet lagt opp til minimum 4 fysiske møte i løpet av året. Ved behov vert arbeidsutvalet (AU) nytta for å behandle dispensasjonssaker som ikkje er delegert til forvaltar, men som krev politisk behandling. På grunn av koronapandemien ble det berre gjennomført 2 fysiske møte i 2020.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde 6 møte i 2020, og behandla **52 saker**.

| | | |
|------|----------|---|
| 1/20 | 18.mars | Teams, konstituering av nytt styre |
| 2/20 | 22.juni | Utgard kulturhus, Lom – opplæringsdag og styremøte 22.juni. Overnatting 22.-23.juni, med tur i Klimapark2469 |
| 3/20 | 6.juli | Teams |
| 4/20 | 21.sept. | Avdemsbue, Lesja – synfaring til Tussheim utsiktspunkt |
| 5/20 | 23.sept. | Teams |
| 6/20 | 23.nov. | Teams |

Arbeidsutvalet hadde 2 møte i 2020 og behandla **2 saker**.

| | | |
|------|----------|-------|
| 1/20 | 23.04.18 | Teams |
| 2/20 | 09.12.20 | Teams |

Forvaltarane har i medhald av delegert myndighet gjort administrative vedtak i **59 saker**.

Under er ei samla oversikt over vedtak i nasjonalparkstyret, arbeidsutvalet eller delegerte vedtak, fordelt etter sakstype:

| Type saker | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|------------|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Adm./generelle vedtak (Styre/AU) | 18 | 29 | 24 | 22 | 23 | 24 |
| Vedtak om motorferdsel, inkl. drone (Styre/AU/Adm.) | 72 | 72 | 43 | 38 | 32 | 48 |
| Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, bru, innghjerding, stiar o.l.) (Styre/AU) | 16 | 15 | 11 | 14 | 10 | 14 |
| Vedtak om plassering båtar, lavvo, garnkasse | 3 | 3 | 2 | 4 | 2 | 3 |
| Vedtak om arrangement, ferdsel | 1 | | | 3 | 2 | 3 |
| Generelle uttaler | 3 | | | | | 1 |
| Vedtak om plan og planarbeid | 2 | | 1 | 2 | | 1 |
| Vedtak om økonomi | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Klagebehandling | 1 | | 1 | 4 | 2 | 0 |
| Andre tiltak(Styre/AU) | 3 | 7 | 6 | 1 | 4 | 2 |
| Sum | 121 | 128 | 90 | 90 | 76 | 98 |

Saksmengda i 2020 ber som tidlegare år preg av relativt mange enkeltsaker innafor verneområdet. Tala viser ein liten auke av søknader om motorferdsel, samanlikna med fjaråret. Dette vil truleg halde fram for neste år da mange skal fornye sine løyver om nyttekøyring, da det er etter 2014 vart gjeve fleirårig dispensasjon, inntil 5 år, i kurante søknader. Tal på byggesaker og liknande held seg framleis jamt i verneområda. Søknader om motorisert ferdsel er relativt forutsigbart, men det er ei lita auke i søknader som gjeld bruk av drone i samband med overvaking, kartlegging og filmprosjekt. Oppfølging av tiltak i verneområdet med synfaring og møter, og saker knytt til administrasjon, økonomioppfølging er på same nivå som tidlegare år.

Spesielle saker

Nasjonalparkstyret for Reinheimen er bevisste på at verneområda skal har eit «spesielt strengt vern ved behandling av einskildsaker», der leveområdet til villrein er det sentrale i verneføremålet. I einskildsaker er det og viktig å sjå heilskapen i det store verneområde – på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Helikopterflyging

Nasjonalparkstyret har gjort prinsipielle vedtak i behandling av søknader om landing og låg flyging med helikopter i verneområdet i samband med filmopptak til TV og PR tiltak. Det vert gjeve avslag på søknader som skal marknadsføre produkt der naturen og verneområdet primert er ei kulisse.

Nasjonalparkstyret har gjort vedtak om at slik motorisert trafikk skal leggast utanom verneområdet. Dersom filmopptaka skal formidle kunnskap om verneverdiane, har nasjonalparkstyret i nokre saker gjeve dispensasjon til bruk av motorisert framkomstmiddel om det er heilt nødvendig.

Drone


Bruk av drone er ei relativt ny sakstype, og ei aukande sakstype. Behov for å bruke drone innafor verneområdet gjeld i samband med filmproduksjon, overvaking og kartlegging, t.d ras og ustabile fjellparti, kulturminne, i samband med sinking av beitedyr og villreinteljing. Forbodet mot å bruke drone gjeld først og fremst innafor nasjonalparken og naturreservat. I landskapsvernombåda er ikkje bruk av drone regulert. For å lette behandling av søknader om bruk av drone, vedtok nasjonalparkstyret ei prinsippsak, 19.09.18 i sak 2018/4499. Bruk av drone i verneområdet skal haldast på eit minimum og avgrensast til «nytteflyging», jf. matrisa under:

| Type søknad | Reinheimen nasjonalpark | Mannen | Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag | Døme saker ephorte |
|---|---|-------------------|---|--------------------------------|
| Forsking, natur-dokumentasjon | Ja, men på vilkår | Ja | Styre unna sårbare område på sårbare årstider | 2018/3516 |
| Overvåking rasområde | Ja | Ja | | 2015/4791 |
| Naturprogram, Formidling av Reinheimen | Ja, men på vilkår | Ja | Styre unna sårbare område på sårbare årstider | 2017/2652 2016/6126 |
| Landbruksføremål | Ja, men på vilkår | Nei | | 2017/925 Prøveprosjekt 2018 |
| Reiselivs-destinasjon, overordna marknadsføring | Ja (Trollstigenområdet) I utgangspunktet nei i andre område. | Ja, men på vilkår | Ikkje marknadsføre aktivitetar til ulike årstider i sårbare område. Kan gå ut over verneverdiane, og såleis ikkje grunnlag for å bruk § 48. | |
| Enkeltbedrift lokalisert i verneomr. | Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjon | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |

| | | | | |
|---|----------------|-----|---|------------------------|
| Arrangement/konkurransar, promoterings-video | Nei | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Aktivitetsfirma tur-dokumentasjon for grupper | Nei | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Private turar , film for sosiale media - Facebook, YouTube | Nei | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Nyheitsformidling/riksmedia | Strenge vilkår | Ja | Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse | 2017/6068 2018/3913 |
| Underhaldnings-program | Nei | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Spelefilm | Nei | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Reklame | Nei | Nei | Reklame kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for disp. | |

Basestasjonar for nasjonalt naudnett

Etablering av 3 basestasjonar for nasjonalt naudnett på fjelltoppane Hurrungen (ROL089), Skarvedalseggen (ROL100) og Skarfjellenden (RMR057) i verneområdet har ført til auka helikopterflyging i verneområdet. Basestasjonane er markert med raudt i kartet under:



Basestasjon på Hurrungen vart utbeta hausten 2017, pga store driftsproblem. Både forvaltar og nasjonalparkstyret har peika på utfordringane overfor dei driftsansvarlege. I 2020 har det ikkje vore få spørsmål om ekstra flyging/bruk av snøscooter for vedlikehald og ettersyn. Det tyde på at drift av basestasjonane i 2020, har vore meir stabil enn tidlegare år.

Endring av verneforskrift

Endring av verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, (sak 2017/1242):

Det er i Meld. St. 18 (2015-2016), foreslått og å opne for sykling på vegar og stigar i nasjonalparkar og landskapsvernområda. Arbeidet stoppa opp i 2017, og miljødirektoratet signaliserte på miljøvernkonferansen i 2019 at arbeidet skulle starte opp att i 2020. KLD jobbar framleis med nye malar for verneforskrifter, og arbeidet har heller ikkje hatt framdrift i 2020.

Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen).

Nasjonalparkstyret meldte inn behov på kr. 1 500 000,- for finansiering av tiltak på hausten 2020.

Reinheimen fekk tildelt kr. 900 000,- til tiltak i verneområdet for 2020. I tillegg vart det tildelt kr.

500 000,- gjennom eit nasjonalt hogstprosjekt, for å ta ut gran i Brøstdalen.

| Tiltaksmidlar for 2020 (bestillingsdialogen) | Tildeling | Tillegg | Regnskap | Gjennomføring, samarbeidsaktør |
|--|----------------|-----------------------|----------------|--------------------------------|
| Skjøtsel | | | | |
| <i>Skjøtsel Romsdalen lvo</i> | | | 7 040 | Geir Hanekamhaug |
| <i>Skjøtsel Romsdalen lvo</i> | | | 22 500 | Kim Daniel Sogge |
| <i>Skjøtsel Lordalen lvo</i> | | | 5 600 | Kent Nyløkken |
| <i>Skjøtsel Finndalen lvo</i> | | | 50 000 | Arild Fallingen |
| Informasjon/innfallsport/tilrettelegging | | | | |
| <i>Verneskilt, underskilt</i> | | | 10 826 | Grafika AS (rammeavtale) |
| <i>Billingen – grafisk arbeid skiltsystem, tillegsavtale 2020</i> | | | 24 300 | Hausbyrå AS |
| <i>Billingen – oversetting tekst</i> | | | 2 300 | Kvalitekst AS |
| <i>Billingen – grunnarbeid, fundamentering, montering 2 cortenstålskilt, 1 portalskilt</i> | | | 170 000 | Sebb AS |
| <i>Billingen - sprenging</i> | | | 30 000 | Rolstad AS |
| <i>Billingen – graving, grusing topplag</i> | | | 16 000 | Nils Bakke |
| <i>4 cortenstålplater til 200x95</i> | | | 124 850 | Stryvo AS |
| <i>Innholdsproduksjon nettside/filmprosjekt nettside Reinheimen - besøksside</i> | | <i>tilleggsavtale</i> | 13 800 | Trollbinde AS |
| <i>Innholdsproduksjon app, tekst og publisering</i> | | <i>tilleggsavtale</i> | 75 000 | Outtt AS |
| <i>Tussheim – tilleggsarbeid fundamentering og montering portalskilt</i> | | <i>tilleggsarbeid</i> | 7 075 | Lesja Byggservice AS |
| <i>Avdemsbue - byggesaksgebyr</i> | | | 12 636 | Lesja kommune |
| <i>Avdemsbue – byggesaksbehandling, grunnarbeid og montering</i> | | | 33 790 | Lesja Byggservice AS |
| <i>Jaktfalkregistrering, fellesprosjekt Innlandet</i> | | | 20 000 | Kistefoss Skogtenester |
| <i>Kartlegging sotbegerlav NR og Finndalen LVO</i> | | | 78 600 | Miljøfaglig utredning |
| <i>Cortenstålplater og digital informasjon i Valldal sentrum</i> | | | 200 000 | Fjord kommune |
| Tiltaksmidlar Reinheimen 2020 | 900 000 | | | |
| SUM 2020 | 900 000 | | 904 317 | |
| | | | -4 317 | <i>Meirforbruk</i> |

| Drift | | Budsjett | Rekneskap |
|--|--|---------------------|--|
| Sekretariat, fylkesmannen i Innlandet, og Møre og Romsdal | kontorhald, reiser, m.m. utanom løn | Ikkje eiga budsjett | Inngår i fm sitt budsjettregnskap |
| Styret og utvala | Reise- og møtegodtgjersle Reiseutgifter rådgjevande utval, Administrativt kontaktutval | 430 000 | 372 000* |
| | | | *mindre forbruk p.g.a færre fysiske møte og synfaring |
| Hogstprosjekt - Brøstdalen | Nasjonalt prosjekt – uttak av fremmede artar | 500 000 | 599 232 |
| Besøksstrategi Reinheimen-Breheimen | Handlingsprogram regionalplan for Ottadalsområdet – samarbeidsprosjekt med Nasjonalparkriket Reiseliv AS | 290 000 | 47 500** |
| SUM | | | **fleirårig prosjekt. Tildelt midlar frå Oppland fylkeskommune 2019 |

Nasjonalparkstyret får tildelt budsjettmidlar til drift, og arbeid med forvaltningsplanar, besøksstrategiar og skjøtselsplanar. Driftsmidlane vert tildelt fylkesmannen i Innlandet, som fører rekneskapen på vegne av nasjonalparkstyret. Drift av sekretariatet kjem i tillegg, og er lagt til budsjettet hjå fylkesmannen i Innlandet og i Møre og Romsdal. I samband me tilsetting av ny forvaltar våren 2020 er stillinga i Møre og Romsdal overført til Innlandet som ei prøveordning på 2 år.

Ulovlege tiltak

Det følger av Nasjonalparkstyret for Reinheimen sine vedtekter, at styret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp brot på vernereglane, jf. vedtekter pkt. 8.5:

8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene, rapportar og melding til politiet

Styret har som forvalningsstyre macht eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Det er heimel for administrative sanksjonar i naturmangfaldlova §§ 69, 71 og 73. Ein eventuell anmelding har heimel i NML § 75, jf. Veileder M-617|2016 - **Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder**

SNO har meldt inn eit ulovleg oppført bygg i 2020, som er under oppfølging av nasjonalparkstyret.

Det er også avdekkta ulovleg motorferdsel og bruk av drone i verneområdet i 2020, der SNO har meldt 5 saker til politiet:

- 2 saker på snøscooter - henlagt
- 1 sak på bil - påtaleunnlatelse, dvs. konstatert straffbar handling og skyldig person, men likevel ikkje påtale i saka
- 2 saker på drone - bøtelagt

Andre utval

Det er oppretta eit rådgjevande utval for Reinheimen, som består av 31 representantar for dei ulike interessene i området; grunneigarar, andre offentlege organ, fjellstyrer, næringsliv, friviljuge organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Det vart ikkje gjennomført møte med rådgjevande utval i 2020.

Administrativt kontaktutval for Reinheimen som består av 9 personar, med representantar frå kommuneadministrasjon, fylkeskommunen og besøkssenteret, hadde ikkje møte i 2020. Forvaltarane har kontinuerleg kontakt med kommuneadministrasjon i samband med førebuing av enkeltsaker, særleg motorferdsel og byggesaker.

Dei 6 kommunane i Nord-Gudbrandsdalen har oppretta ei regionalt forum for utmarksforvaltning, regional faggruppe utmark (NGGIS), som består av tilsette på plan- og miljø i kommunane, sekretærar for fjellstyrane og nasjonalparkforvaltarar for verneområde som har areal i dei 6 kommunane Nord Gudbrandsdalen. I 2020 vart det gjennomført eitt digitalt møte. Saker som blir drøfta er på administrativt plan for å samordne behandling i t.d byggesaker, motorferdsel og andre relevante tema knytt til plan og miljø.

4. Aktivitet

Informasjon

Det er eksisterar 18 informasjonspunkt med informasjonsplakatar kring Reinheimen. I tillegg er det 32 mindre informasjonstavler, 7 skilt om ferdssreglar, 6 brONSEplakettar og 100 verneområdeskilt. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har nettsida <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/>, og har side på facebook <https://www.facebook.com/Reinheimennasjonalpark/>, og konto på Instagram <https://www.instagram.com/reinheimennasjonalpark/?hl=nb>

Det er ikkje tilsett naturretteiar for Reinheimen. SNO skal ikkje bruke tid på naturveiledning lenger, da det er dei autoriserte besøkssentera som i si autorisasjonsavtale med miljødirektoratet skal stå fram som knutepunkt for naturveiledning knytt til verneområda. For Reinheimen er det Norsk fjellsenter som er autorisert besøkssenter, men dei er enda ikkje tildelt midlar for å kunne tilsette naturveileder.

2020 var eit år med fråvær av fysiske møter og arrangement på grunn av coronapandemien. På ei anna side har det vore gjennomført mange digitale møte, kurs, samlingar med både internt og eksternt.

Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen

Kulturlandskapet er ein viktig del av verneføremålet i landskapsvernombråda. I 2018 vart det etter ein omfattande tilbodskonkurranse inngått kontrakt med Miljøfagleg Utredning AS, om å revidere og utarbeide nye skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen.

Nasjonalparkstyret vedtok oppstart og framdriftsplan på styremøte 26.06.18. Det vart gjennomført oppstartsmøte og synfaringar med aktuelle partar i områda juli-august 2018, der totalt 54 deltok på dei 5 oppstartsmøta. Endeleg forslag til skjøtselsplan for Finndalen, Lordalen, Brøstdalen, Gravdehaug, Muldalen-Tafjordsætra vart levert forvaltninga våren 2019.

Skjøtselsplanane vart sendt på høyring, med høyringsfrist 11.november 2019:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Skjotselsplanar-/HOYRING---Skjotselsplanar-knytt-til-verneomrada-i-Reinheimen/>

Det kom inn 18 høyringsinnspel fordelt slik:

| Område | tal innspel | høyringsinnstans |
|--|-------------|---|
| Finndalen Ivo | 5 | Statskog, Skjåk alm, Finndalen bruks- og beitelag, Miljødirektoratet, Oppland fk |
| Lordalen Ivo | 6 | Skjåk alm., Lesja fjellstyre, Lesja kommune, Geir Ulekleiv, Miljødirektoratet, Oppland fk |
| Brøstdalen og Gravdehaug i Romsdalen Ivo | 1 | Møre og Romsdal fk. |
| Muldalen i Tafjorden-Reindalen Ivo | 6 | Ola Myklebust og Sissel Rogne, Tafjord Kraftprod., Møre og Romsdal fk., Magnar Dyb, Skjåk alm., Norddal kommune |

Det bør gjennomførast møter med lokale høyringspartar i nokre områder, helst før nasjonalparkstyret får skjøtselsplan til styrebehandling.

Planarbeidet vart utvida med oppstartsmøte og kartlegging på Vermedalssætra og Reindalssætra hausten 2019. Forslag til skjøtselsplan for Vermedalsseter i Romsdalen Ivo, og Reindalsseter i Tafjorden-Reindalen Ivo, vart levert forvaltninga våren 2020. Desse planane skal og ut på høyring.

Besøksstrategi

Arbeidet med besøksstrategi for verneområda i Reinheimen starta formelt opp med vedtak av prosjektplan i juni 2017. I 2018 vart det utarbeidd kunnskapsgrunnlag og innspel frå ulike aktørar. Det vart gjennomført møte og samlingar for ulike aktørar kring verneområdet, og forvaltar hadde møte med relevante aktørar i reiselivet, og utarbeida ei reiselivskartlegging som vedlegg til besøksstrategien.

Besøksstrategi for Reinheimen vart sendt ut på høyring 02.05.2019 med frist 28.06.2019. Det kom inn 16 høyringsinnspel, som ligg ute på nettsida til nasjonalparkstyret:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Besoksstrategi/Hoiring-besoksstrategi/>

I samband med høyringa, vart det gjennomført møte med fagleg rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og nasjonalparkstyret 23.09.2019 i Valldal.

Besøksstrategien for Reinheimen vart vedtatt på styremøte 02.12.2019, og endeleg godkjent av Miljødirektoratet 18.12.2019:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Besoksstrategi/Besoksstrategi-for-Reinheimen-godkjent/>

Informasjon- og tilretteleggingstiltak som er gjennomført i samsvar med besøksstrategien i 2020 går fram av tabell på s. 11, under kap., Økonomi. Nye cortenstålskilt er oppført i Lesja sentrum, ved Avdemsbue, inkludert portalskilt på Tusshem. På hovudinnfallsporten Billingen, er det og oppført portalskilt og cortenstålplater for verneinformasjon. Arbeidet med nye nettsider er satt på vent, inntil vidare p.g.a. stillingsskifte i sekretariatet. Det vart prioritert å få sluttført brosjyrekart og kartfil til verneområdeplakatar i samarbed med Trollbinde AS, miljødirektoratet og Lina Haggard (kartograf).

5. Vidare arbeid

Revisjon av forvaltningsplanen:

Forvaltningsplan for Reinheimen var godkjent i 2010. Forvaltningsplan skal normalt reviderast etter 10 år. Sjølv om gjeldande forvaltningsordning i Reinheimen var på plass etter 2010, så er det pr. i dag ikkje starta opp med det omfattande arbeidet med revidering. Det er i fyrste omgang gjort ei prioritering av å få på plass besøksstrategi for Reinheimen, som er eit vedlegg til gjeldande forvaltningsplan.

Ved revidering av forvaltningsplan skal det utarbeidast digitale forvaltningsplanar for kvart verneområde, dvs. 12 forvaltningsplanar for Reinheimen. For å kunne starte arbeidet, må NiN-kartlegging og fastsetting av bevaringsmål i verneområda avklarast først.

Kartleggingsarbeid:

Det var ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området i forkant av at Reinheimen nasjonalpark vart oppretta i 2006. Det er eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bevaringsmål). Kartleggingsarbeid for å styrke kunnskapsgrunnlaget er aktuelt også framover, og avgjerande for forvaltning av verneområda. I tillegg til kunnskap om naturverdiar i verneområdet, så er det aktuelt med ny besøksundersøking for å oppdatere kunnskap om brukarinteresser og besøkande til Reinheimen og tilknytte verneområde.

Villreinløypa

Prosjektet «Villreinløypa» er eit formidlings- og næringsutviklingsprosjekt knytt til villreinområda Reinheimen, Breheimen, Dovrefjell og Rondane. Målet er mellom anna å danne grunnlaget for at næringsutvikling i bygdene og randonene til dei nasjonale villreinområda er fult mogleg; og at villreinen kan vera eit fortrinn, snarare enn eit hinder. Prosjektet skal skape eit sterkt reiselivsprodukt, og samtidig auke kunnskap om villrein, villreinfangst og verneområde i reiselivet, for å sikre god og kunnskapsbasert informasjon til besøkande.

Prosjektet er eigd av Gudbrandsdalsmusea (GM), og er eit samarbeid mellom GM, Norsk Fjellsenter, Villreinsenter Nord, Villreinfangsten som verdensarv og Nasjonalparkriket Reiseliv.

Forvaltar for Reinheimen gjekk inn i styringsgruppa frå 2019, som representant for nasjonalparkforvaltninga. Nordveggen gjekk inn som prosjektleiar frå 2019.

Frå 2020 ble det utlyst eit pilotprosjekt for reiselivsbedrifter knytt til Villreinløypa. Reiselivsbedrifter i Vågå, Skjåk og Lesja fekk støtte frå Innovasjon Norge, og ble med i pilotprosjektet.



Frå pilothelg 10-13.sept. 2020 i Vågå: Guida tur til fangststannlegga i Gravdalen, i Reinheimen

Innhaldsproduksjon – besøksstrategi Reinheimen og Breheimen



I 2020 ble samarbeidsprosjektet med Nasjonalparkriket Reiseliv AS starta opp . Tildelte midlar på 290 000,- frå Oppland fylkeskommune, skal nyttast i samsvar handlingsprogram for Regional plan for Ottadalsområdet. Dette er eit nybrotsarbeid, i tett samarbeid med Nasjonalparkriket Reiseliv AS, der målet er å utvikle et felles formidlingskonsept for å gi besøkande ein større forståing for vern og gi auka kunnskap om villrein og kulturminne i de store nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen. Prosjektet starta opp i samarbeid med Oppland fylkeskommune (før dei smelta sammen med Hedmark til Innlandet), som etter søknad tildelte oss midlar gjennom «handlingsprogram for Regionalplan plan for Ottadalsområdet». Midla skal være et bidrag til besøksstrategiar som skal styre ferdselet i Reinheimen og Breheimen.

Formidling av kunnskap om nasjonalparkar og villrein er ikkje nytt tema, men det er måten som nasjonalparkforvaltninga samarbeider med reiselivet på, som er ny. Vi skal etablere eit felles formidlingskonsept ved blant anna å bruke filmar som verkemiddel til publisering på ulike plattformer. Nasjonalparkforvaltninga i Reinheimen og Breheimen er ansvarlege og i førarsete for innhald og bodskap, mens Nasjonalparkriket reiseliv får fritt spelerom på kreativitet og form, for å nå fram. Det er og etablert ei arbeidsgruppe der Innlandet fylkeskommune, fylkesmannen i Innlandet, reiselivet og nasjonalparkforvaltarar i Reinheimen og Breheimen er representert. På den måten er produksjon også godt fagleg forankra.

